



Hindenes Hus As
Eidavegen 532
5993 OSTEREIDET

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/993 - 14/4237

Saksbehandlar:
Siril Therese Sylta
Siril.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:
28.02.2014

Løyve på vilkår for riving og oppattbygging av einebustad - gbnr 142/7 Kvamme øvre

Administrativt vedtak. Saknr: 14/14

Vedtak

Dette løyvet endrar og erstattar vårt vedtak datert 16.01.2014. Det vert vist til brev frå ansvarleg søkjar datert 29.01.2014, der det blant anna vart gjort merksam på at søknaden kun gjeld oppattbygging av bustad til ei bueining.

Kommunen gjev løyve til riving av eksisterende bustad og etablering av ny bustad med bruksareal (BRA) på ca. 270 m² i samsvar med teikningar, kart og skildring mottatt 30.12.13, jf plan- og bygningslova (pbl) § 20-1.

Løyvet omfattar også godkjenning av søknad om ansvarsrett som vist under avsnittet «Ansvar og kontroll».

Kommunen gav den 06.03.13 dispensasjon frå jf pbl § 11-6 (rettsverknad av kommunedelplanen sin arealdel) jf § 19-2.

Den ansvarlege for tiltaket skal sjå til at arbeida blir gjennomført i samsvar med gjeldande lov og regelverk. Ikkje noko arbeid må utførast utover det som er omfatta av løyvet.

Dette løyvet, med dei kart og teikningar det vert vist til, skal alltid vera tilstade på

Post

postmotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733



byggeplassen. Eventuelle endringer må søkjast om og godkjennast av kommunen før dei kan gjennomførast

Saksutgreiing:

Ansvar og kontroll

Følgjande føretak har fått godkjent ansvarsrett:

| Føretak | L/S* | Funksjon/Tiltaksklasse/Ansvarsområde |
|----------------------------------|------|--|
| Norgeshus as | S | SØK, PRO: arkitektur, bæresystem, radonsikring, pipe, ildstad, våtrom, grunn- og betong. UTF: tømrararbeid, murarbeid, pipe, ildstad |
| Brødrene myking maskinstasjon as | S | Pro: riving, UTF: grunn-og betong |
| Stendal VVS AS | S | PRO: sanitær i bustad, UTF: sanitær i bustad |
| Systemair as | S | PRO: ventilasjon |
| Murmester Asbjørn Toft as | S | UTF: membran i våtrom |
| Kålås og son byggevarehandel as | S | Kontroll : våtrom, lufttetthet |

* S = sentral godkjenning, L = lokal godkjenning

Nabovarsling

Det er føreteke nabovarsling i samsvar med reglane i plan- og bygningslova § 21-3, og det er ikkje registrert merknader i saken.

Plangrunnlag

Eigedomen vert omfatta av kommunedelplan for Knarvik – Alversund vedtatt i 2007.

Området er avsett til LNFR-føremål i kommunedelplanen og tiltaket krev dispensasjon.

Kommunen gav den 06.03.13 dispensasjon frå jf pbl § 11-6 (rettsverknad av kommunedelplanen sin arealdel) jf § 19-2.

Veg og tilkomst

Det er etablert vegtilkomst til eigdommen frå før.

Uteopphaldsareal og parkeringsløyseringar

Det er virdert at eigdommen har tilfredsstillande uteopphaldsareal og parkering.

Visuell utforming

Tiltaket har etter plan- og bygningsstyresmakta sitt skjøn gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv og i høve til si funksjon og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf plan- og bygningslova § 29-2.

Plassering og høgdeplassering

Plassering av tiltaket skal utførast i medhald av dette vedtaket og godkjente teikningar. For plassering gjeld toleransegrenser for områdetype 3 jf standarden "Plassering og beliggenhetskroll".

Tiltaket si plassering skal koordinatutrekna, før utsetting av hushjørner på tomte.

Kart- og koordinatliste for ferdig plassering skal vedleggast søknad om mellombels bruksløyve eller ferdigattest, jf pbl § 21-10.

Vatn- og avlaup

Tiltaket er knyta til kommunal vatn. Det er motteke søknad om tilknytning 30.12.14.

Det er i brev datert 29.01.2014 frå ansvarleg føretak gjort greie for at eigedommen har slamavskillar på 4 m³. Slamavskillar på 4 m³ er tilstrekkeleg for ein bustad med ei bueining.

Det må sendast inn situasjonsplan som viser avløpsanlegg med viste vatn- og avløpsleidningar.

Gebyr

Søknadsppliktige tiltak vert gebyrlagt i medhald av kommunen sitt gebyrregulativ 2013.

| Skildring | Antal | Beløp |
|---------------------------------------|-------|---------------|
| C.1.1 Tilbygg til bustad | 1 | 12.400 |
| C. 5.3.2 Ansvarsrett sentral godkjent | 6 | 6.000 |
| | | |
| Totalt gebyr å betala | | 18.400 |

I samband med at det i vedtak datert 16.01.2014 er gjeve gebyr for to bueiningar, vert dette rett opp her. Gebyr på kr. 9.300 vert kreditert tiltakshavar.

Klagerett:

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jfr. fvl. § 28. Klagefristen er 3 veker frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagd innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket, og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open (fylkesmannen). Søksmål skal likevel i alle tilhøve kunne reisast når det er gått 6 månadar frå klage fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar si side at klageinstansens avgjerd ikkje føreligg jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Siril Therese Sylta
konstituert fagleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Ørjan Kvamme

Erstadvegen 20 5911

ALVERSUND

Mottakarar:

Hindenes Hus As

Eidavegen 532 5993

OSTEREIDET